



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Gloppen hotell, Sandane
Dato: 10.03.2023
Tidspunkt: 10:00

Velkomen til det fyrste møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2023.
Møtet finn stad tyrdag 10.mars kl 10:00 på Gloppen hotell, Sandane.
Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltarane Trygve Snøtun på tlf 95 79 44 84 eller
Tor Arne Hauge 90 19 24 71.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/23	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 3/23	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 4/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Krav om retting - Verandadør på Haraldselet		2023/3526
ST 5/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av kommersielt merke - Brelam		2023/1700
ST 6/23	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar 2023		2022/16335

ST 1/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/23 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar
ST 3/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker



Arkivsaksnr: 2023/3526-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 01.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/23	10.03.2023

Jostedalsbreen nasjonalpark - Krav om retting - Verandadør på Haraldselet

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 69 varslar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre tiltakshavar om at vi vurderer å fremje sak om retting av tiltak på Haraldselet, tilhøyrande gnr 14 bnr 6, på Sundalssetra i Stryn kommune.

Bakgrunnen for varselet er brot på vilkår sett i løyve til restaurering av selet, vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 03.03.2017.

For at tiltaket skal vere i tråd med løyve gitt av nasjonalparkstyret, må verandadøra fjernast og erstattast med eit småruta vindauge, liknande det som var der før restaureringa vart gjennomført.

Førehandsvarselet er eit varsel om mogeleg pålegg om retting. Tiltakshavar får frist på 14 dagar til å uttale seg etter at førehandsvarselet er motteke.



Saksopplysningar

Dokument i saka:


- Søknad med planteikning frå Sverre Guddal – 18.01.2017
- Løyve til restaurering av Haraldselet på Sunndalssetra – 27.02.2017
- Bilete frå nyare og eldre tid på Sunndalssetra
- Saksprotokoll frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 30.10.2017
- Førehandsvarsel – styret vurderer krav om retting - 17.11.2017
- Uttale frå tiltakshavar Sverre Guddal – 29.11.2017
- Saksprotokoll utvalssak 43/17 -Vurdere krav om retting – 07.12.2017
- Presiseringar knytt til løyve til restaurering av sel Sunndalssetra – 13.02.2018
- Epost med utdrag frå protokoll frå styremøte 27.11.2018 – datert 10.12.2018
- Veileder M-617 – Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder – Miljødirektoratet 2016

Sakshistorikk

Sverre Guddal søkte 18.januar 2017 om å få restaurere Haraldselet på Sunndalssetra i Stryn kommune. Restaureringa gjekk ut på å tette lekkasjar og skifte kledning og anna treverk. Det vart og søkt om to tilfelle av fasadeendring:

- Skifte av ståande til liggjande kledning
- Flytte inngangsdør frå dåverande plassering på langveggen til påbygg/vedskjul. Vedskjulet vil då gjerast til inngangsparti.

Nedanfor er planskisse som var vedlagt søknad. Denne viser omsøkt løysing.



FILE NAME	Sunndalssetra - rehabilitert.dwg	SHEET	1	SCALE	1:150
SIZE					
DRAWN	12/31/2016				
CHECK					
APPR.					Planlagt rehabilitering av sel på Sunndalssetra
ISSUED					
REV	1	DWG NO	1449-14/6-1		
CONTRACT NO					



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsama saka og gav i styremøte **27.02.2017** løyve til å restaurere og til å gjere visse endringar på selet. Løyvet vart gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 1.3 første ledd, og med følgjande vilkår og presiseringar:

- *Flytte inngangsdøra til den sørvestre kortveggen, inn i det som i dag fungerer som vedskjul. Vedskjulet skal ikkje utvidast eller endrast.*
- *Der den noverande døra er plassert før ombygging, skal eit nytt vindauge setjast inn, lik vindauget som er på same veggen frå før. Vindauga i selet skal ikkje utvidast frå dagens storleik, og dersom vindauge skal bytast ut, skal dei nye ha småruta glas, slik som byggeskikken på Sunndalssetra er.*
- *Taket skal få nytt tekke, anten i form av torv, eller bølgeblikk.*
- *Kledninga på selet skal bytast ut, frå ståande til liggjande kledning. Materialet kan være ubehandla/grånande, eller mørkt brunt, liknande dei andre, opphavlege sela. Kledninga skal ikkje være av typen «villmarkspanel».*
- *Dersom muren skal utbetrast, må den framleis være forblenda av den opphavlege gråsteinsmuren.*
- *Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla (umåla) trevirke kan brennast i omnen, eller på nærmare bestemt plass, i samråd med forvaltar.*
- *Material som trengs til tiltaket skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.*

Dette løyvet gjeld til og med år 2019. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt.

Søknad om løyve til frakt av material med motorisert ferdsl må sendast nasjonalparkstyret i god tid (tre veker) før planlagt flyging.

Seinare på året 2017 såg statens naturoppsyn, på ei av sine synfaringar, at noko av arbeidet på selet tilsynelatande ikkje var i tråd med søknad og løyve. På eine kortveggen stod det no ei verandadør i staden for det vindauget som stod der før. Det var ikkje gjeve løyve til å sette inn dør på denne kortveggen.

Nasjonalparkforvaltar tok **09.10.2017** kontakt med Stryn kommune for å høyre om dei hadde fått søknad innsetjing av verandadør. Stryn kommune svara tiltakshavar hadde vore i kontakt pr. telefon og nemnte kva han ville gjere på selet, mellom anna at han planla å skifte ut eit vindauge og setje inn ei dør med glas i. Sakshandsamar i kommunen vurderte dette som ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova, men informerte samstundes tiltakshavar om at han måtte kontakte nasjonalparkstyret for å få deira godkjenning av planane.

Miljøvernleiar i Stryn kommune påpeika i eigen epost **17.10.2017** at Sunndalssetra, i tillegg til å ligge i ein nasjonalpark, er ein av stølane i gjeldande kommuneplan som er peika ut som «Verdifulle kulturlandskap» der det er ei eiga planretningsline som seier at:

«Desse retningslinene gjeld ved restaurering/nybygging: Form, storleik, farge, materialval (utsjånad, utviding) skal vere i pakt med tradisjonane på stølen og dokumentasjon av dette skal fylgje byggemeldinga».

Spørsmålet vert då om det har vore kvite verandadører på stølen før.

I styremøte **30.10.2017** var brevet til Stryn kommune oppe som referatsak. Saka vart i møtet konvertert til vedtakssak med følgjande handsaming og vedtak:



Handsaming i møte

Styret var samde i at det er viktig med likehandsaming i nasjonalparken, og at folk følgjer godt med på kva som skjer. Styret diskuterte faren for presedens, dersom tiltakshavarar skulle få gjere slik dei ønskjer. Tidlegare har folk har teke krav om retting på alvor i likande sakar.

Nestleiar Sven Flo erklærte seg inhabil, og Karen Marie Hjelmeseter var med på telefon under handsaming av saka, slik at styret framleis var vedtaksføre. Oddmund Klakegg var møteleiar under denne enkeltsaka.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre opprettar sak om retting, jf. naturmangfoldlova, og forvaltar følgjar opp saka. Saka om retting gjeld verandadøra.

Samrøystes vedteke.

Nasjonalparkstyret sendte **17.11.2017** sendt brev til tiltakshavar med førehandsvarsel om at styret vurderer å fremje krav om retting. Tiltakshavar fekk då 14 dagars frist til å uttale seg om saka før den igjen skulle opp i nasjonalparkstyret.

29.11.2017 sende Sverre Guddal følgjande e-post med utfyllande og klargjerande opplysningar til nasjonalparkstyret:

Hei!

Her kjem litt opplysninger rundt den verandadøren som er satt inn i nord/vest veggen på Haralde selet, ikkje Andersselet som de har skrevet.

Var i kontakt med Maria Knagenhjelm om å få sette inn eit mindre vindauge en det som tidliger var montert i kort veggen, og det sa ho at det var ikkje noko problem.

Vi var også enige om at det ville bli mykje finar en det store vindauge som var der, eg stilte spørsmål om eg måtte sende inn noko søknad om det, det er ikkje nødvendig fikk eg til svar. Eg fekk då problem med å skaffe eit vinduge som var mindre, ettersom det var ferie og helikopter transport var bestilt saman med fire andre og dato var bestemt.

Her er det at den omtalte verandadøren kjem inn i bildet, den hadde eg ståande heime etter utskifting i huset, dermed vart den med på lasset til sæters.

Det som er planen er å kle inn den nederste delen av døra så den blir lik resten av veggen og då vill det fungere som eit vindauge, som ikkje kan opnast. Det hadde eg ikkje klart å få gjort før Anne Rudseng var på innspeksjons runde.

Eg syntest at det er praktisk å ha døra inntakt til eg er ferdig med restaureringen.

Det er fortsatt ein del ting som står igjen på jobben, men hausten og vinteren kjem når den kjem, så planen er å fortsette til våren med siste finpuss.

Håper at dette forklarer kvifor det står ei kvit verandadør i kort veggen, hadde eg nådd å bli ferdig i sommer så hadde ingen sett at det er ei dør, då ville berre det småruta vindauget vore synlig.

Hokus Pokus så vart ei gratis verandadør, til eit gratis vinduge.

Mvh. Sverre Guddal



07.12.2017 handsama Jostedalsbreen nasjonalparkstyre saka som sak 43/17 og vurderte om dei skulle krevje retting. Følgjande vedtak vart gjort:

Nasjonalparkstyret tok tilbakemeldinga frå tiltakshavar til vitande.

Styret peika på at tiltakshavar har frist til 2019 med å gjennomføre arbeidet, og at arbeidet ikkje er avslutta. Det vert derfor ikkje sett fram krav om retting på noverande tidspunkt.

Nasjonalparkstyret føreset at tiltakshavar set bygget i ein stand som er i tråd med løyvet, når prosjektet er avslutta.

13.02.2018 sender Jostedalsbreen nasjonalparkstyre brev til tiltakshavar med presiseringar knytt til løyve til restaurering av Haraldselet på Sunndalsetra. Det vert i brevet presisert at verandadøra som er sett inn i staden for vindauga i gavlveggen ikkje er i tråd med lokal byggeskikk. Det er eit krav at ved byting av vindauge skal ein sette inn glas med småruta glas, slik byggeskikken er på Sunndalssetra. Det vert ei skjønsmessig vurdering kva som vert rekna som «småruta» og kva som er i tråd med lokal byggeskikk på Sunndalssetra.

Dersom tiltakshava rønskjer å gjennomføre tiltaket på annan måte enn det som står i løyvet datert 03.03.2017, må det sendast eigen søknad og nasjonalparkstyret må gjere eit eige vedtak om endring av dei gjeldande vilkåra i løyvet.

Når byggetida er ferdig, etter 31.12.2019, eller når tiltakshavar melder at byggearbeidet er ferdig, skal bygningen vere heilt i tråd med løyve og vilkår. Då skal tiltaket synfarast og dokumenterast. Basert på dokumentasjonen skal nasjonalparkstyret vurdere om byggearbeida er utført i tråd med løyve og vilkår.

27.11.2018 vart Jostedalsbreen nasjonalparkstyre orientert om verandadør på Sunndalssetra under sak 40/18 *Orienterings- og drøftingssaker*. I protokollen frå styremøtet står følgjande:

2. Orientering om verandadør på Sunndalssetra. Styret har motteke bilete av verandadøra som vart satt inn i staden for eit vindauge. Tiltakshavar fekk løyve til å byte ut vindauge, og at det skulle følgje byggeskikken på staden, jf. vegleiinga frå Fylkeskommunen. Verandadøra er no kledd med panel på nedste tredjedel av døra. Styret meiner at det opphavlege vedtaket står ved lag, og at tiltakshavar må byte ut døra med eit vindauge, som det opphavleg vart gjeve løyve til. Vindauget må følgje byggeskikken på setra, slik det står i forskrifta. Endringa må vere utført innan byggjeløyvet går ut i 2019, elles må styret opprette rettingsak, jf. tidlegare saksutgreiingar.

Etter fristen for ferdigstilling av arbeidet gjekk ut ved utgangen av 2019 har SNO og nasjonalparkforvaltar ved fleire høve registrert at verandadøra framleis står i nordvestveggen av Haraldselet. Den er nedre delen av døra er forsøkt forblenda med ei treplate laga av bordkledning. Ved fleire høve har denne forblendinga losna og lege på terrassen, sjå bileta nedanfor.

Saka skulle ha vore teke opp att i 2020, men av ulike årsaker, m.a. koronasituasjonen, vart dette utsett.



11.06.2020



11.06.2020



20.09.2021



24.10.2022

Lovgrunnlag

Etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark punkt 1.1 er landskapet verne mot alle inngrep. Punkt 1.3 første ledd opnar for at forvaltningsstyresmakta, her Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, kan, når det ligg føre særlege grunnar, gje løyve til m.a. å endre bygningar m.m. Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjevne etter punkt 1.3.

Etter naturmangfaldlova § 69, 1.punkt kan nasjonalparkstyret som forvaltningsstyresmakt *«pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.»*

Når det her er snakk om eit tiltak som er i strid med vilkåra som er sett for eit løyve så kan nasjonalparkstyret fremje sak om retting. Det vil seie at dei kan påleggje tiltakshavar å setje bygningen tilbake i den tilstanden den var i, ved at verandadøra må fjernast og det vert sett inn eit vindauge tilsvarande det som var der frå før.

Dersom nasjonalparkstyret vedtek å krevje retting av tiltaket skal tiltakshavar etter forvaltningslova § 16 ha eit førehandsvarsel med frist for å uttale seg, deretter kan det gjerast eit enkeltvedtak med krav om retting.

I rettleiaren for oppfølging av ulovlege tilhøve i verneområde (Veileder M-617, Miljødirektoratet 2016) heiter det at terskelen for å pålegge retting i utgangspunktet bør liggje lågt dersom vilkåra er oppfylt. Tiltak som klårt er i strid med lova, ei forskrift eller eit vedtak, bør krevjast retta. Pålegg om retting kan til dømes gå ut på å krevje riving og fjerning av ulovlege bygningar, anlegg og konstruksjonar. Nasjonalparkstyret kan gje pålegg om retting. Det vil vere forvaltningsmyndet for verneområdet som har primæransvaret for å følgje opp overtredelser med pålegg om retting og stans.



Vurdering

Førehandsvarsel vart sendt 17.11.2017 og tiltakshavar fekk då uttale seg. Styret valde i desember 2017 å ikkje setje fram krav om retting på dåverande tidspunkt, med grunngjeving i at frist for ferdigstilling av arbeidet var ved utgangen av 2019. Styret føresette at tiltakshavar når prosjektet var avslutta hadde sett bygget i ein stand som var i tråd med løyvet.

Slik nasjonalparkforvaltar vurderer saka så er ikkje den noverande løysinga, med ei verandadør der den nedre delen av døra er avblenda med ei treplate, i tråd med løyvet som vart gjeve av nasjonalparkstyret 03.03.2017. Det er altså eit brot på vilkåret i løyvet som seier at:

- *Der den noverande døra er plassert før ombygging, skal eit nytt vindaug setjast inn, lik vindaugget som er på same veggen frå før. Vindauga i selet skal ikkje utvidast frå dagens storleik, og dersom vindauge skal bytast ut, skal dei nye ha småruta glas, slik som byggeskikken på Sunndalssetra er.*

Saka må difor tilbake til nasjonalparkstyret som må vurdere om dei vil krevje retting jfr. § 69 i naturmangfaldlova. For å krevje retting av eit forhold som allereie er utført krevst at forholdet er i strid med naturmangfaldlova eller forskrifter eller enkeltvedtak gjort i medhald av denne lova. Det er ikkje krav om at det har oppstått skade på naturmangfaldet eller at det er fare for slik skade, det er tilstrekkeleg at handlinga ikkje er tillatt.

Det er uheldig at det har teke lang tid før denne saka er blitt tatt tak i, men det betyr ingenting for saksgangen vidare. Dersom nasjonalparkstyret ikkje krev retting i denne saka vil det kunne medføre uheldig presedens og ei utgliding, der andre tiltakshavarar som ikkje gjennomfører tiltak i tråd med vedtekne vilkår, viser til denne saka.

Nasjonalparkforvaltar tilrår difor at nasjonalparkstyret sender førehandsvarsel om krav om retting. Når tiltakshavar har fått uttalt seg vert saka teken opp att i neste møte i nasjonalparkstyret.



Arkivsaksnr: 2023/1700-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 03.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	5/23	10.03.2023

Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av kommersielt merke - Brelam

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret tillèt Brelam til å nytte det kommersielle merket for Jostedalsbreen nasjonalpark etter designmanualen for Noregs nasjonalparker. Brelam foredlar produkt av sau/lam som beitar i fjellområda i Jostedalen, og stettar kriteria for bruk av merket.

Avtalen for bruk av den kommersielle logoen har forplikande vilkår, og løyvet til bruk kan ved misbruk trekkjast tilbake. Avtalen blir signert av styreleiar.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Rettleiar til søknad om bruk av kommersiell logo i Jostedalsbreen nasjonalpark, vedteken av Jostedalsbreen nasjonalparkstyret 30.03.2023
- Designmanual for Norges nasjonalparker - <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>
- Søknad frå brelam - datert 26.01.2023

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har fått søknad om å nytte logoen til Jostedalsbreen nasjonalpark til kommersielt bruk for produkta som blir produsert av Brelam i Jostedalen. I designmanualen for Noregs nasjonalparker er lagt til rette for at verksemder som geografisk kan knytast til ein nasjonalpark kan søkje om løyve frå nasjonalparkstyra om å nytte eit spesiallaga merke. Det kommersielle merket/logoen frå nasjonalparken skal nyttast saman med verksemda sin eigen logo i marknadsføring av eit produkt, teneste eller aktivitet. Nasjonalparkstyret skal handsame søknader om kommersiell bruk av merkevara Noregs nasjonalparker og er dei som kan gje tillating. Nasjonalparken skal ha godkjent besøksstrategi før tillatingar blir gjevne.



Brelam er eit einmannsføretak som foredlar sauekjøt som er produsert av Jostedal samdrift. Jostedal samdrift er tre bønder som er gått saman om felles drift av verksemda. Sauene nyttar beiter kring Jostedalsbreen og Breheimen i Jostedalen, og både sauehald og foredling er økologisk. Einar Blikra, som også er med i samdrifta, har starta med foredlingsverksemda Brelam. Først var det ein del av samdrifta, men er seinare skilt ut som ei eige verksemd. Brelam tilbyr produkt som pinnekjøtt, fenalår, saltakjøtt og spekepølse, og produkta blir foredla gjennom gamle metodar og utan anna tilsetning enn salt. For meir informasjon: www.brelam.com.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtok i mars 2022 ein rettleiar til søknad om bruk av kommersiell logo for Jostedalsbreen nasjonalpark. Rettleiaren byggjer på det som står i designmanualen for Norges nasjonalparkar.

I designmanualen for Noregs nasjonalparkar går det fram at verksemdar som har utgangspunkt i eller ved ein nasjonalpark kan nytte det kommersielle merket etter søknad til forvaltingsstyresmakta. Merket skal kunne nyttast til marknadsføring av til dømes eit produkt og seie noko om geografisk tilknytning til ein nasjonalpark. Merket er ikkje eit kvalitetsstempel, og representerer heller ikkje ei godkjenning eller finansiell støtte frå nasjonalparkstyret.

Kritereier for bruk:

- Det kommersielle merket skal ikkje nyttast på ein måte som kan skade omdømme til Noregs nasjonalparkar, eller stride mot retningslinjer eller føremål for nasjonalparken.
- Verksemda sin eigen logo skal alltid vere saman med nasjonalparken sin kommersielle logo for å vise kven som står bak produktet.
- Merket skal ikkje endrast i form, tekst og utsjånad.
- Merket kan ikkje seljast vidare eller distribuerast til tredjepart.
- Ved misbruk av det kommersielle merket kan løyve til bruk trekkast tilbake.

Logoen til Noregs nasjonalparkar reknast som ein verdfull ressurs, der misbruk kan øydelegge verdien av denne. Difor skal det signerast bindande avtale, der kriteria framgår og som sikrar ei respektfull bruk av merket. Berre dei som har søkt om og fått tillating skal kunne nytte merket.



Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre står relativt fritt til å tillate bruk av det kommersielle merket i designmanualen for Noregs nasjonalparker så lenge verksemda geografisk høyrer til området, det ikkje skadar omdømme til Noregs nasjonalparker, eller strir mot nasjonalparkens retningslinjer eller føremål.

Brelam er den første verksemda kring Jostedalsbreen nasjonalpark som har søkt om å nytte det kommersielle merket til Noregs nasjonalparker. Så langt forvaltar kan sjå, stettar verksemda kriteria som er sett for bruk av merket. Brelam foredlar kjøtprodukt frå eigen produksjon av sau som beitar i og kring verneområda i Jostedalen. Dyra beitar både i Breheimen og Jostedalsbreen, men mestedelen er kring Jostedalsbreen.

Verksemda representerer utmarksbruk i eit krevjande terreng, gamle tradisjonar og naturlege produkt kring Jostedalsbreen nasjonalpark, og vil såleis vere ein god kandidat til å nytte det kommersielle merket til Jostedalsbreen nasjonalpark.



Figur 1: Forslag til bruk av det kommersielle merket saman med eigen logo.



Arkivsaksnr: 2022/16335-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 03.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/23	10.03.2023

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidler 2023

Innstilling frå forvaltar

1 Skjøtsel i tråd med ny skjøtselsplan for Sunndalen	60000
2 Skjøtsel i tråd med ny skjøtselsplan for Erdalen	60000
3 Skjøtsel i tråd med ny skjøtselsplan for Bødalen	60000
4 Plan for utbetring av sti Supphelleskaret	20000
5 Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen	30000
6 Skilting og sikring Kattanakken	20000
7 Tilrettelegging av info- og startpunkt Tungestølen	300000
8 Utforming innhald og oppsetjing av infotavler	390000
9 Sperregjerde for beitedyr ved Storesetra i Erdalen	30000
10 Restaurering av stien til Flatsteinbu - ferdigstilling i tråd med plan for tiltaket	300000
11 Planlegging og prosjektering innfallsport Bødalen	100000
12 Planlegging av fire innfallsportar i Stardalen	200000
13 Utbetring av sti til Haugafjellstølen	20000
14 Klopplegging av sti i Erdalen	40000
15 Vedlikehald av viktige bruer og stiar	30000
16 Omlegging og vedlikehald av stien til Flatbrehytta	100000
17 Plan og prosjektering innfallsport Supphellebreen	150000
18 Plan og prosjektering innfallsport Bøyabreen	150000
19 Utbetring av sti ved utsiktspunkt Briksdalsbreen	70000
20 Utbetring av stien mot Sognskaret	10000
21 Styrt beiting av utvalde innfallsportar	0
22 Ferdselsteljing langs utvalde stiar	1
23 Uthenting av brurestar og skrot - Tverrdalskyrkja	15000
24 uthenting av brurestar stien Bødalseter - Fessene	15000
25 Rydding av beitestiar i Langedalen - Veitastrond	30000
Sum	2200001



Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment som endrar føresetnadane for dei einskilde prosjekta. Sekretariatet bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom det ikkje er kapasitet til å følgje opp prosjekta. Styret skal fortløpande orienterast om prosjekta i løpet av året.

Saksopplysningar

I styresak 38/22 Bestillingsdialog og tiltaksplan 2023 gjorde nasjonalparkstyret følgjande vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2023 og Innspel om ønska SNO ressurs i verneområde – Jostedalsbreen nasjonalpark 2023 slik dei ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt av styret til å leggje til mindre tiltak og justere summar fram mot søknadsfrist i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, då dette skal gje grunnlag for bruk av nasjonalparken som ein ressurs for lokalsamfunna. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må difor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt vedlikehald av stiar, restaurering og tilrettelegging i område som toler meir bruk.

Skjøtsel av kulturlandskap skal i 2023 startast opp i område med utarbeidd skjøtelsplan. Skjøtsel skal utførast i nært samarbeid med grunneigarar/brukarar og SNO.

Sekretariatet søkte 05.01.2023 Miljødirektoratet om tiltaksmidlar via elektronisk søknadssenter (ESS) med følgjande prioritering:



Tabell 1 Oversikt over sinnsendt søknad om tiltaksmidler 2023 – Post 1420.31

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn på tiltaket	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Skjøtsel i tråd med ny skjøtelsesplan for Sunddalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
2	Skjøtsel i tråd med ny skjøtelsesplan for Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
3	Skjøtsel i tråd med ny skjøtelsesplan for Bødalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
4	Plan for utbetring av sti over Supphelleskaret	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
5	Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
6	Skilting og sikring Kattanakken	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
7	Tilrettelegging av info-/startpunkt Tungestølen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	300 000
8	Utforming innhold og oppsetjing av infotavler	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	600 000
9	Sperregjerde for beitedyr ved Storesetra i Erdalen	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
10	Restaurering av stien til Flatsteinbu	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	300 000



11	Planlegging og prosjektering innfallsport Bødalen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
12	Planlegging av fire innfallsportar i Stardalen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	200 000
13	Utbetring av sti til Haugafjellstølen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
14	Klopplegging av sti i Erdalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
15	Vedlikehold av viktige bruer og stiar	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
16	Omlegging og vedlikehold av stien til Flatbrehytta	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000

17	Plan og prosjektering innfallsport Supphellebreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	150 000
18	Plan og prosjektering innfallsport Bøyabreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	150 000
19	Utbetring sti ved utsiktspunkt Briksdalsbreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	70 000
20	Utbetring av stien mot Sognskaret	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000
21	Styrt beiting av utvalde innfallsportar	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
22	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1



23	Uthenting av brurestar og skrot - Tverrdalskyrkja	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
24	Uthenting av brurestar stien Bødalsseter - Fessene	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
						2 590 001

I e-post frå Miljødirektoratet datert 31.01.2023 fekk sekretariatet fått melding om at tildelingane av tiltaksmidlar (post 1420.31) var lagt inn i elektronisk søknadsregister ESS. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt ein samla pott på kr 2 200 000,- i 2023 over post 1420.31 – midlar til tiltak i verneområde. Det var søkt om kr 2 590 001,-, så det må gjerast ei prioritering mellom dei ulike prosjekta. I 2022 søkte Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om kr 2 975 001,- og fekk tildelt kr 2 000 000,-. Vi har såleis fått 10% auke i tildelinga samanlikna med 2022. I 2021 var tildelinga kr 1 000 000,- og i 2020 var tildelinga kr 500 000,-. Tildelinga er såleis meir enn firedobla dei tre siste åra.

Alle dei 24 omsøkte tiltaka er vurdert av miljødirektoratet til å vere innanfor postføremålet i post 1420.31.

Etter at søknaden vart handsama i nasjonalparkstyret 06.12.22 har det kome opp forslag om eit par nye tiltak som forvaltarane meiner det bør prøvast å finne ressursar til i 2023.

Skjøtselstiltak i stølsområda Tungestølen - Nystølen

I samband med at det vert arbeidd med skjøtelsplan for stølsområda kring Tungestølen og Nystølen har det kome fram ulike behov som gjerne skulle ha vore tatt tak i 2023, sjølv om skjøtelsplanen ikkje vil vere ferdig før i mai/juni. I 2022, då vi arbeidde vi med skjøtelsplanar for tre stølsdalar i Stryn, sette vi av tiltaksmidlar til einstilte tiltak knytt til behov som var kome fram i arbeidet med skjøtelsplan sjølv om ferdig skjøtelsplan ikkje var levert. Dette for å kome tidleg i gang med viktige tiltak som var etterspurde blant brukarar i området.

Det har kome fram at det er stor trong for rydding av stiar for beitedyr både i Langedalen og i Austerdalen. Brukarar med beitedyr i området har tatt kontakt med nasjonalparkforvaltarane for å be om å få rydde beitestiar. I følgje Tanaquil Enzensberger, som arbeider med skjøtelsplan for området, så vil rydding av desse beitestiane betre tilkomsten for beitedyr inn mot verdifulle kulturprega naturtypar innanfor nasjonalparkgrensa.

Plan for geologiske verneverdiar i nasjonalparken

I rådgjevande utval 06.12.2023 vart dei nye skjøtelsplanane for heilskaplege kulturlandskap presentert. I diskusjonen etterpå etterlyste professor Atle Nesje meir fokus på dei geologiske verneverdiane i desse skjøtelsplanane. Ein samla kunnskapsbase for geologiske verneverdiar i og rundt nasjonalparken har vore eit sagn. Nasjonalparkforvaltar tok difor i etterkant av rådgjevande utval kontakt med Atle Nesje for å høyre om han kunne hjelpe med å lage plan for geologiske verneverdiar i nasjonalparken, noko han var positiv til. Kostnaden med å lage ein slik plan er stipulert til i underkant av kr 100 000,-. Det vart søkt om



planmidlar (post 1420.21) til utarbeiding av ein slik plan, men dei tildelte planmidlane strekk truleg ikkje til. I tiltaksplanen er det sett av mykje midlar til utforming og oppsetjing av informasjonstavler. Innhaldet på mange av skilta vil vere informasjon geologi og geologiske verneverdiar. Det vil difor vere fornuftig å få på bordet ein samla oversikt over viktige geologiske verneverdiar i og ved nasjonalparken, slik at vi kan bruke denne informasjonen i utforming av informasjonstavler. Forvaltarane tilrår difor at det vert prioritert å nytte noko av tiltaksmidlane som er sett av til innhald og oppsetjing av infotavler til utarbeiding av ein samla oversikt over viktige geologiske verneverdiar.

Vurdering

For å kome i mål innanfor ramma på 2,2 millionar har sekretariatet vurdert tiltaka som er omsøkt (tabell 1) og føreslått nokre justeringar og kutt. Tildelt pott er om lag kr 400 000,- mindre enn samla søknadssum, nokre tiltak må difor reduserast. Alternativt kan ein velje å utsetje einskilde prosjekt til seinare år. Nokre prosjekt kan reduserast i omfang utan at det nødvendigvis får store konsekvensar for gjennomføring anna enn ei nedskalering eller utsetjing av deler av gjennomføringa. Sekretariatet tilrår følgjande endringar frå søknaden:

- Pri. 21 Styrte beiting av utvalde innfallsportar – redusert frå 20 000 til 0
- Pri. 15 Vedlikehald av viktige bruer og stiar – redusert frå 100 000 til 30 000
- Pri. 8 Utforming innhald og oppsetjing av infotavler – redusert frå 600 000 til 390 000
- Pri. 3 Skjøtsel i tråd med ny skjøtelsplan Bødalen – redusert frå 100 000 til 60 000
- Pri. 2 Skjøtsel i tråd med ny skjøtelsplan Erdalen – redusert frå 100 000 til 60 000
- Pri. 1 Skjøtsel i tråd med ny skjøtelsplan Sunndalen – redusert frå 100 000 til 60 000
- Pri. 25 Nytt tiltak - Rydding beitestiar i Langedalen – auka frå 0 til 30 000

Prioritet 21 *Styrte beiting av utvalde innfallsportar*. Kan prioriterast ned. Tiltaket vil truleg vere mest aktuelt i område med skjøtelsplan utarbeidd. Det bør evt. nyttast skjøtelsmidlar frå pri. 1, pri. 2 og pri. 3 til dette tiltaket.

Prioritet 15 *Vedlikehald av viktige bruer og stiar*. Det er aldri godt å vite kor stort behovet er etter ein lang vinter. Dei siste åra har vi brukt mindre på denne posten enn budsjettert, men plutsleg kan behovet melde seg. Forvaltarane meiner likevel at denne posten kan reduserast noko.

Prioritet 8 *Utforming innhald og oppsetjing av infotavler*. Dette er den største tiltaksposten i 2023. Det er enno svært usikkert kor mykje det vil koste å utforme innhald og setje opp dei einskilde skilta. Det er og enno usikkert kor mange skilt vi vil klare å gjere få på plass i løpet av 2023. Forvaltarane meiner at denne tiltaksposten kan reduserast monaleg utan at dette treng få store konsekvensar for framdrifta i prosjektet.

Prioritet 3, 2 og 1 gjeld alle skjøtselstiltak i tråd med ny skjøtelsplan. Det er usikkert kva tiltak ein i samarbeid med grunneigarane og brukarane får starta opp det fyrste året med ny skjøtelsplan. Forvaltarane meiner at desse tiltakspostane kan reduserast noko og likevel gje rom for mange gode skjøtselstiltak i alle dei tre stølsdalane.

Forvaltarane meiner at det vil vere rett å setje av litt ressursar i 2023 for, i samarbeid med beitebrukarane, å kome i gang med nokre skjøtselstiltak i tråd med den nye skjøtelsplanen



for stølsområda kring Tungestølen og Nystølen på Veitastrond som er under utarbeiding.
Rydding av beitestiar i Langedalen og Austerdalen er viktige tiltak som bør startast på i 2023.